



Kunstnarhuset Messen
PB 4
5614 ÅLVIK

Dato: 02.10.2014
Vår ref.: 2014/15561-119
Saksbehandlar: irekron
Dykkar ref.:

Kulturelt utviklingsprogram 2014 - Underretning om vedtak - Programutvikling med vekt på formidling

Vi viser til Dykkar søknad om tilskot frå kulturelt utviklingsprogram 2014. Dykkar prosjekt vart diverre ikkje tildelt midlar frå Kulturelt utviklingsprogram for 2014.

Grunngjeving

Kultur- og ressursutvalet gjorde vedtak om fordeling av midlar frå Kulturelt utviklingsprogram på møte den 16. september 2014, sak 188/14. Det låg føre 35 søknader med samla søknadssum på kring kr 25 millionar, medan Kultur- og ressursutvalet hadde kr 6 millionar til fordeling.

Til grunn for handsaminga låg skildringa av prosjektet i søknaden. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera også mellom kvalifiserte søkjarar, slik at nokre fekk avslag eller vart tildelt deler av summen det vart søkt om.

Dykkar søknad vart vurdert saman med andre søkjarar opp mot retningslinjer og prioriterte programområde for Kulturelt utviklingsprogram, vedteke av Kultur- og ressursutvalet den 16.03.2010. Jfr. også Fylkestinget sitt vedtak 35/09 i juni 2009 og 83/09 i desember 2009.

Dykkar søknad nådde diverre ikkje opp ved dette høvet. For meir informasjon bruk linken: [Saksframlegg](#) eller [vedtak](#). Alle omsøkte prosjekt er omtalte og kommenterte i følgjande [vedlegg](#)

Klagetilgang og dokumentinnsyn:

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen De mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klaga skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Som part har De rett til å gjera Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som går fram av forvaltningslova § 18 og 19.

Dersom De har spørsmål til saka er De velkommen til å ta kontakt. Dykkar kontaktperson vil vera Marianne Ose Askvik telefon: 55239543 eller e-post marianne.ose.askvik@hfk.no

Vi takkar for søknaden og vonar at prosjektet kan realiserast utan midlar frå Kulturelt utviklingsprogram ved denne tildelinga. De er sjølvsagt velkommen til å søkja midlar frå Kulturelt utviklingsprogram ved seinare høve.

Anna Elisa Tryti
Fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
utviklingssjef/seksjonsleiar

Sakshandsamar: Marianne Ose Askvik, Tone Stedal Haugland, Elisabeth Bjørsvik

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.